

Sak 03-20 Betalingsatts ved levering av papir og papp i 2020.

Tilråding til vedtak

Styret vedtek å innføre slik betaling for levering av papp og papir til miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon med verknad frå 5 februar 2020.

Levering av papp og papir på miljøstasjon i Hovdebygda; kr 700,- pr tonn.

Levering av papp og papir på mini gjenbruksstasjon Grådås. Dette vert å registrere som del av kbm. prisen ved levering på miljøstasjonen.

Saksutgreiing

Betalingsatts for avfall levert på miljøstasjonen var oppe til handsaming i styret sak 37-19. I saka var fri levering lagt opp til skulle vidareførast, då dette siste 15 åra har vore ein «plussfraksjon», dvs at VØR har fått betalt for det som er sendt vidare til materialgjenvinning.


På tidspunktet for sakshandsaminga, var vi merksame på at Euwid (internasjonal råvarepris på papirfiber) var fallande, men vi hadde ikkje sett for oss at den skulle falla så langt ned. Men det har også skjedd, og den går vidare ned ifølgje Norsk Gjenvinning. Når botnen er nådd er ikkje godt å svare på.

Årsaken er som informert om tidligare, importstopp i Kina / Austen av papp, papir og plastemballasje frå Europa og USA/Canada. Kina har hevda at dei er har nok råvare med eigen papp-papir fiber. Parallelt er innhaldet i fiberfraksjonen endra i seinare år, ved at kartong delen, som er dårleg betalt, har auka og avisepapir/ magasinpapir har minka som følgje av at folk les aviser på nett. Det er såleis kjøpars marknad i dag, og sams De-ink, som den fraksjonen vi seljer heiter på fagspråket, er det få kjøparar av. Vi må betale for å få det transportert ut og sortert før den går i sluttmarknaden for å verte seld. Ferdig sortert papp i rett fraksjon, sortert papir og sortert drikkekartong er det fortsatt etterspurnad etter, men til låge prisar. Oppsummert inneber det at salsprisen ikkje lenger betalar for transport ut for oss og sortering slik det har gjort dei siste 15 åra.

Vår årstonnasje er ca. 1000 tonn i 2020 medrekna Hornindal. Kor lenge dette vil fortsette veit vi ikkje. Dette er internasjonale prisar som vi ikkje kan påverke.

I alle fall bør vi ikkje fortsette å ta inn dette gratis. Eg foreslår derfor ein pris på kr 700,- som skal reflektere negativ pris i marknaden pluss handtering og sorteringskostnader.

På Grodås foreslår eg at papp og papiret går inn som ein del av betalingsgrunnlaget, når kbm pris vert rekna ut. Dette er elles det betalingsregimet som var hos Nomil fram til nyttår 2019.


Petter Bjørdal
Dagleg leiar